

Kvinnheradmeisterskap i langrenn til helga.

08.03.2017



Frå Kvinnheradsmeisterskapet i Tveitedalen i fjar

Det har ikkje vore nokon enkel sesong for dei lokale skiløparane i vinter. Til det har snø- og føretilhøva vore for ustabile. Førstkommande søndag er det klart for Kvinnheradsmeisterskap i langrenn i Fjellhaugen skisenter. Gledeleg er det derfor at det ser ut til å verta gode snøtilhøve.

Rennet går i klassisk stil med enkeltstart, og det er idrettslaget Ternen og Omvikdalen idrettslag som samarbeider om arrangementet. Rennstart er kl.13, og det er høve til etterpåmelding på arenaen mellom kl.11 og 12, men arrangørane ønskjer aller helst at deltakarane melder seg på på førehand. Det kan dei gjera ved å klikka inn [HER](#):

Før konkurranserennet vert det som vanleg barneskirenn med start kl.12. I barneskirennet er startkontigenten 30 kr, og her ønskjer ein kontant betaling. Barneskirennna pleier å vera veldig kjekke for dei yngste, og er tilpassa alle.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: il. Ternen